

Sogn og Fjordane Revisjon IKS
Askedalen 2

6863 LEIKANGER

Oppseiing av deltakarforhold i Sogn og Fjordane Revisjon IKS

Viser til fellesnemnda for samanslåing av Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune sitt vedtak i møte 21.09.18, sak 34/18. Fellesnemnda gjorde slikt vedtak:

Vestland fylkeskommune vel å kjøpa alle revisjonstenester i marknaden.

Som følgje av fellesnemnda sitt vedtak må Sogn og Fjordane fylkeskommune seie opp sitt deltakarforhold i Sogn og Fjordane Revisjon IKS, og tre ut av selskapet før samanslåinga med Hordaland fylkeskommune. Fylkestinget gjorde difor slikt vedtak i møte 19.10.18, sak 38/18:

På bakgrunn av fellesnemnda sitt vedtak i sak 34/18 [...], startar fylkeskommunen arbeidet med å tre ut av Sogn og Fjordane Revisjon IKS.

Uttreden frå Sogn og Fjordane Revisjon IKS er regulert i selskapsavtalen § 12:

Ein deltakar kan med eitt års skriftleg varsel seie opp sitt deltakarforhold i selskapet og krevje seg utløyst av selskapet.

Uttreden kan berre skje pr. 31.12. Utløysingssummen skal vere andelen sin nettoverdi ved oppseiingsfristen sitt utløp. Utløysingssummen kan likevel ikkje overstige verdien av deltakaren sin innskot.

Krav om uttreden skal varslast dei andre eigarane seinast 1 år og 3 månadar før uttredingsdato, slik at alle deltakarane får høve til uttale, før deltakaren kan seie opp sitt deltakarforhold.

Fylkeskommunen varsla dei andre eigarane ved brev av 27.09.18.

Sogn og Fjordane fylkeskommune seier med dette brevet opp sitt deltakarforhold i Sogn og Fjordane Revisjon IKS, og krev seg utløyst av selskapet i samsvar med selskapsavtalen § 12. Uttredingsdato vert 31.12.19.

Vi ber om at de stadfestar at oppseiinga er motteken, per e-post til sakshandsamar i fylkeskommunen: trude.helen.flaten@sfj.no

Med helsing

Jenny Følling
fylkesordførar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)

Sogn og Fjordane Revisjon IKS Askedalen 2 6863 LEIKANGER

Kopi til:

Tore Eriksen, FRM

Einar Ulla, SEK